

BJØRNAFJORDEN KOMMUNE
KONTROLLUTVALET

PROTOKOLL

FRÅ MØTE I KONTROLLUTVALET I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

Tid: Onsdag 27. mai kl 09.00-15.15

Møtestad: Bjørnafjorden Rådhus, Våganipen 4. etg

Til stades: Richard Markus (AP) leiar, Thorstein Skårnes (FRP) nestleiar, Helge Andersen (SP), Bjørn Reidar Matland (H) og Malin Næss Vangsnes-Weaver (MDG)

Forfall: Lin Cathrin Brunborg Anthun hadde meldt fråfall.

Vara: Bjørn Reidar Matland møtte som vara.

5 av 5 voterande medlemmer møtte

Dessutan møtte:

Deloitte AS

Unni-Renate Moe, rekneskapsrevisor

Bjørnafjorden kommune:

Ingrid Karin Kaalaas, økonomisjef i sak 19/26, 20/26 og 21/26

Lise Birkeland Kvittingen, rekneskapssjef i sak 19/26, 20/26 og 21/26

Eystein Johannes Venneslan, kommunalsjef samfunnsutvikling i sak 22/26

Andre

Torbjörg Brattabø, dagleg leiar Os idrettspark Bjørnafjorden KF i sak 19/26.

Ole Tobias Lindeberg, dagleg leiar Oseana kunst-og kultursenter Bjørnafjorden KF i sak 20/26.

SAKSLISTE

<u>SAKNR</u>	<u>SAKSTITTEL</u>
17/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
18/26	GODKJENNING AV PROTOKOLL ETTER MØTE I KONTROLLUTVALET 10.04.2026

19/26	KONTROLLUTVALET SI UTTALE TIL OS IDRETTSPARK BJØRNAFJORDEN KF ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2025
20/26	KONTROLLUTVALET SI UTTALE TIL OSEANA KUNST-OG KULTURSENTER BJØRNAFJORDEN KF SITT ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2025
21/26	KONTROLLUTVALET SI UTTALE TIL BJØRNAFJORDEN KOMMUNES ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2025
22/26	EVALUERING VINTERDRIFT 2025/2026
23/26	UAVHENGIGHEITSERKLÆRING OPPDRAGSANSVARLEGE REVISORER
24/26	OPPFØLGING AV VEDTAK- EIGARSKAPSKONTROLL I BJØRNAFJORDEN UTVIKLINGSSKAP AS
25/26	INTERNKURS- ORGANISATORISK INTERNKONTROLL
26/26	ORIENTERINGS- OG REFERATSAKER

EVENTUELT

SAKSNR 17/26: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

KONTROLLUTVALET SI BEHANDLING I MØTE 27.05.26

Innkalling og saksliste utsendt pr. e-post til medlemmene i kontrollutvalet. Leiar i kontrollutvalet gjorde merksam på ei endring i rekkefølga i sakslista.

Samrøystes godkjent

INNSTILLINGA FRÅ SEKRETARIATET

Innkalling og saksliste vert godkjend.

**SAKSNR 18/26: GODKJENNING AV PROTOKOLL ETTER MØTE I
KONTROLLUTVALET 10.04.2026**

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:
Protokoll frå møte 10.04.2026 vert godkjend.

KONTROLLUTVALET SI BEHANDLING I MØTE 27.05.26
Protokoll utsendt pr. e-post til medlemmene i kontrollutvalet. Det var ingen merknader til denne.

Samrøystes godkjend.

INNSTILLINGA FRÅ SEKRETARIATET:
Protokoll frå møte 10.04.2026 vert godkjend.

**SAKSNR 19/26 : KONTROLLUTVALET SI UTTALE TIL OS IDRETTSPARK
BJØRNAFJORDEN KF ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2025**

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Kontrollutvalet legg fram slik uttale for kommunestyret:

Til kommunestyret
Bjørnafjorden kommune

**KONTROLLUTVALET SI UTTALE TIL OS IDRETTSPARK BJØRNAFJORDEN KF
ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2025**

Kontrollutvalet har i møte den 27.05.2026 behandla Os Idrettspark Bjørnafjorden KF sitt årsrekneskap for 2025.

Grunnlaget for behandlinga har vore årsrekneskapen, årsberetninga frå føretaket, og revisjonsberetning frå revisor, datert 15.04.2026. I tillegg har ansvarleg revisor og føretaket sin leiing supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon.

Det er avgitt ein rein revisjonsmelding med positiv totalkonklusjon. Revisor har i revisjonsmeldinga, ikkje gjeve merknader til årsrekneskapen/årsberetninga. På grunnlag av kontrollutvalet sine kontrollaktiviteter retta mot økonomiforvaltninga, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsberetning for 2025 blir godkjent slik det er presentert.

Os Idrettspark Bjørnafjorden KF sitt netto driftsresultat blei positivt med kr 1 739 695,-.

Ved årets slutt er mindreforbruket overført til disposisjonsfond.

Årsaka til mindreforbruket er lågare utgifter til straum og kommunale avgifter, og tre planlagde prosjekt som ikkje vart gjennomførte i 2025. Disse vert gjennomført våren 2026.

Likestilling er omtalt i årsmeldinga.

Utover det som kjem fram av saksframlegget, det som er nemnt i uttalen, og revisjonsmeldinga datert 15.04.2026 har kontrollutvalet ingen merknader til Os idrettspark Bjørnafjorden KF sin rekneskap for 2025.

Bjørnafjorden 27. mai 2026

Kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet

KONTROLLUTVALET SI BEHANDLING I MØTE 27.05.2026

Torbjörg Brattabø, dagleg leiar Os idrettspark Bjørnafjorden KF, orienterte i møtet om føretaksverksemda og det økonomiske resultatet for 2025. Leiinga for føretaket viste til at det var eit fint resultat i 2025, dette kjem i stor grad av utsetjing av prosjekt til våren 2026, og mindre kostnader enn venta for 2025. Ho viste til at store elektrisitetskostnader og etterslep på vedlikehald vil medføra auka kostnader i 2026. Leiar i føretaket var fornøgd med å ha stabile tilsette, og gjennomsnittleg sjukefråvær var 5,94 % i 2025, og pr dags dato i 2026 var det nede på 2,7 %. Mindreforbruket vart overført til disposisjonsfond. Kontrollutvalet sine medlemmer kom med spørsmål knytt til drifta av anlegget, og desse vart tilfredstillande svart ut i møtet. Det kom fram i møtet at anlegget får positive tilbakemeldingar frå brukarane.

Samrøystes godkjent.

INNSTILLING:

Kontrollutvalet legg fram slik uttale for kommunestyret:

Til kommunestyret
Bjørnafjorden kommune

KONTROLLUTVALET SI UTTALE TIL OS IDRETTSPARK BJØRNAFJORDEN KF ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2025

Kontrollutvalet har i møte den 27.05.2026 behandla Os Idrettspark Bjørnafjorden KF sitt årsrekneskap for 2025.

Grunnlaget for behandlinga har vore årsrekneskapen, årsberetninga frå føretaket, og revisjonsberetning frå revisor, datert 15.04.2026. I tillegg har ansvarleg revisor og føretaket sin leiing supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon.

Det er avgitt ein rein revisjonsmelding med positiv totalkonklusjon. Revisor har i revisjonsmeldinga, ikkje gjeve merknader til årsrekneskapen/årsberetninga. På grunnlag av kontrollutvalet sine kontrollaktiviteter retta mot økonomiforvaltninga, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsberetning for 2025 blir godkjent slik det er presentert.

Os Idrettspark Bjørnafjorden KF sitt netto driftsresultat blei positivt med kr 1 739 695,-.

Ved årets slutt er mindreforbruket overført til disposisjonsfond.

Årsaka til mindreforbruket er lågare utgifter til straum og kommunale avgifter, og tre planlagde prosjekt som ikkje vart gjennomførte i 2025. Disse vert gjennomført våren 2026.

Likestilling er omtalt i årsmeldinga.

Utover det som kjem fram av saksframlegget, det som er nemnt i uttalen, og revisjonsmeldinga datert 15.04.2026 har kontrollutvalet ingen merknader til Os idrettspark Bjørnafjorden KF sin rekneskap for 2025.

Bjørnafjorden 27. mai 2026

Kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet

SAKSNR 20/26: KONTROLLUTVALET SI UTTALE TIL OSEANA KUNST-OG KULTURSENTER BJØRNAFJORDEN KF SITT ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2025

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Kontrollutvalet legg fram slik uttale for kommunestyret:

Til kommunestyret
Bjørnafjorden kommune

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL OSEANA KUNST- OG KULTURSENTER BJØRNAFJORDEN KF SITT ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2025

Kontrollutvalet har i møte den 27.05.2026 behandla Oseana Kunst-og kultursenter Bjørnafjorden KF sitt årsrekneskap for 2025.

Grunnlaget for behandlinga har vore framlagt årsrekneskap, årsmelding, og revisjonsmeldinga frå revisor, datert 15.04.2026. I tillegg har ansvarleg revisor og leiinga for føretaket supplert kontrollutvalet med muntleg informasjon.

Det er avgitt ein rein revisjonsmelding med positiv totalkonklusjon. Revisor har i revisjonsmeldinga, ikkje gjeve merknader til årsrekneskapet/årsberetninga. På grunnlag av kontrollutvalet sine

kontrollaktiviteter retta mot økonomiforvaltninga, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsberetning for 2025 blir godkjent slik det føreligg.

Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF sitt netto driftsresultat vart positivt med kr 2 434 740,-. Styret i foretaket er svært nøgd med utviklinga i foretaket, både økonomisk og på publikumssida da billettomsætninga har auka frå 4,1 mill. kroner i 2023 til 7,9 mill. kroner i 2025. Billettomsætninga var 6,2 mill. i 2024 og 7,9 mill. i 2025.

Kjønnsfordelinga mellom fast tilsette er omtalt i årsmeldinga.

Utover det som kjem fram av saksframlegget, det som er nevnt i uttalen, og revisjonsmeldinga datert 15.04.2026 har kontrollutvalet ingen merknader til Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF sin rekneskap for 2025.

Bjørnafjorden 27. mai 2026

Kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet

KONTROLLUTVALET SI BEHANDLING I MØTE 27.05.26

Frå leiinga i foretaket møtte Ole Tobias Lindeberg.

Ole Tobias Lindeberg orienterte om foretaksverksemda og resultatet for 2025. Han er fornøgd med resultatet for 2025 samanlikna med 2024. Det har vore stor auke i driftsinntekter, under dette billettinntekter. Utfordringar framover vil vera auka kostnader for vedlikehald av bygget. Medlemmene i kontrollutvalet stilte ein del spørsmål til gjennomgangen og desse vart tilfredstillande svart på i møtet.

Samrøystes godkjent.

INNSTILLING:

Kontrollutvalet legg fram slik uttale for kommunestyret:

Til kommunestyret

Bjørnafjorden kommune

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL OSEANA KUNST- OG KULTURSENTER BJØRNAFJORDEN KF SITT ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2025

Kontrollutvalet har i møte den 27.05.2026 behandla Oseana Kunst-og kultursenter Bjørnafjorden KF sitt årsrekneskap for 2025.

Grunnlaget for behandlinga har vore framlagt årsrekneskap, årsmelding, og revisjonsmeldinga frå revisor, datert 15.04.2026. I tillegg har ansvarleg revisor og leiinga for foretaket supplert kontrollutvalet med muntleg informasjon.

Det er avgitt ein rein revisjonsmelding med positiv totalkonklusjon. Revisor har i revisjonsmeldinga, ikkje gjeve merknader til årsrekneskapet/årsberetninga. På grunnlag av kontrollutvalet sine kontrollaktiviteter retta mot økonomiforvaltninga, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsberetning for 2025 blir godkjent slik det føreligg.

Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF sitt netto driftsresultat vart positivt med kr 2 434 740,-. Styret i foretaket er svært nøgd med utviklinga i foretaket, både økonomisk og på publikumssida da billettomsætninga har auka frå 4,1 mill. kroner i 2023 til 7,9 mill. kroner i 2025. Billettomsætninga var 6,2 mill. i 2024 og 7,9 mill. i 2025.

Kjønnsfordelinga mellom fast tilsette er omtalt i årsmeldinga.

Utover det som kjem fram av saksframlegget, det som er nevnt i uttalen, og revisjonsmeldinga datert 15.04.2026 har kontrollutvalet ingen merknader til til Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF sin rekneskap for 2025.

Bjørnafjorden 27. mai 2026

Kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet

SAKSNR 21/26: KONTROLLUTVALET SI UTTALE TIL BJØRNAFJORDEN KOMMUNES ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2025

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Kontrollutvalet legg fram slik uttale for kommunestyret:

Til kommunestyret
Bjørnafjorden kommune

KONTROLLUTVALET SI UTTALE TIL BJØRNAFJORDEN KOMMUNE SITT ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2025

Kontrollutvalet har i møte den 27.5.2026 handsama årsrekneskap for 2025 for Bjørnafjorden kommune.

Grunnlaget for behandlinga har vore avlagt årsrekneskap, årsberetninga til kommunedirektøren, og revisjonsmeldinga frå revisor, datert 15.04.2026. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjon supplert kontrollutvalet med muntleg informasjon.

Det er avgitt ein rein revisjonsmelding med positiv totalkonklusjon. Revisor har i revisjonsmeldinga, ikkje gjeve merknader til årsrekneskapet/årsberetninga. På grunnlag av kontrollutvalet sine kontrollaktiviteter retta mot økonomiforvaltninga, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsberetning for 2025 blir godkjent slik det føreligg.

Netto driftsresultat

Det netto driftsresultatet til kommunekassa 2025 vart positivt med kr 53 937 682,-. Kommunestyret behandla i møte 22.09.22 sak 105/22 om rullering av kommunen sine finansielle måltal. Kommunestyret vedtok at frå 2023 skulle netto driftsresultat korrigert for netto bundne avsetningar vere 1,5 % av brutto driftsinntekter. I 2025 er korrigert netto driftsresultat på 2 % mot -2,5 % i 2024. Dette er over TBUs anbefaling for netto driftsresultat som er på 1,75 prosent.

Netto korrigert lånegjeld

Netto korrigert lånegjeld (korrigert for ubudne investeringsfond) i prosent av driftsinntekter utgjorde 101 % i 2025 mot 108,7 % i 2024. Også her er det i sak 105/22 vedteke eit måltal som frå 2023 er på 112 %. Kommunen ligg under dette måltalet i 2025, og det er ei betring frå 2024. Det er likevel godt over «trafikklysmodellen» til KS som viser til at ei gjeldsgrad over 85 % indikerer at kommunen har ein mindre grad av økonomisk handlefridom.

Kontrollutvalet ber kommunen vere merksam på at høye rentekostnader kan føre til reduksjon i tenestetilbodet, men syns det er positivt at gjeldsutviklinga har stagnert.

Disposisjonsfond

Det generelle disposisjonsfondet er på 523,2 millionar pr 31.12.25. Dette er ein økning på ca 49,8 millionar frå 2024. Disposisjonsfondet er på 19,1 % i 2025 mot 18,5 % i 2024. Vedteke måltal frå 2023 er på 20 %. Måltalet er ikke nådd i 2025, men 19,1 % ligg godt over statlege tilrådingar.

Likviditetsgrad

Forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld er likviditetsgrada. Denne bør vere over 2 og viser evna kommunen har til å dekke dei kortsiktige pliktene sine. Likviditetsgrad 1 er på 3,1 % i 2025, og på 3,1 % i 2024. Denne er framleis tilfredsstillande, men det er nedgang frå 2023.

Som nøkkeltala viser, har den økonomiske handlefridommen vorte bedra frå 2024 til 2025 for netto driftsresultat og disposisjonsfond. Nøkkeltal for gjeld er også betre, men framleis på raudt nivå.

Vurdering av ikkje-økonomiske krav i årsmeldinga

Dei ikkje-økonomiske krava i kommunelova § 14-7c-f er omtalt i årsmeldinga på ein tilfredsstillande måte.

Kontrollutvalet er kjent med at kommunen er i gang med store omstillingsvedtak. Kontrollutvalet ber kommunen ha ei løpande vurdering om tiltak som er sette i verk har ønskt effekt.

Utover det som kjem fram av saksframlegget og revisjonsmeldinga frå revisor har kontrollutvalet elles ikkje merknader til Bjørnafjorden kommunes årsrekneskap for 2025.

Bjørnafjorden 27. mai 2026

Kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet

KONTROLLUTVALET SI BEHANDLING I MØTE 27.05.26

Frå administrasjonen møtte Ingrid Karin Kaalaas, økonomisjef og Lise Birkeland Kvittingen, rekneskapsjef. Økonomisjefen presenterte kommunerekneskapen, og svarte på spørsmål frå medlemmene i kontrollutvalet. Økonomisjefen viste til ei resultatgrad langt over venta, og var fornøgd med stagnasjon i driftsutgifter. Utfordringar framover vil vera knytte til mangel på arbeidskraft, auka overtid og vikarbruk. Økonomisjefen gjekk gjennom dei ulike sektorane og rekneskap i forhold til revidert budsjett. Stab, oppvekst og helse og velferd hadde eit positivt avvik mot budsjett for 2025. Dette var administrasjonen godt fornøgd med. Spørsmål frå kontrollutvalet vart tilfredstillande svart på i møtet.

Samrøystes godkjent.

INNSTILLING:

Kontrollutvalet legg fram slik uttale for kommunestyret:

Til kommunestyret
Bjørnafjorden kommune

KONTROLLUTVALET SI UTTALE TIL BJØRNAFJORDEN KOMMUNE SITT ÅRSREKNESEKAP OG ÅRSMELDING FOR 2025

Kontrollutvalet har i møte den 27.5.2026 handsama årsrekneskap for 2025 for Bjørnafjorden kommune.

Grunnlaget for behandlinga har vore avlagt årsrekneskap, årsberetninga til kommunedirektøren, og revisjonsmeldinga frå revisor, datert 15.04.2026. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjon supplert kontrollutvalet med muntleg informasjon.

Det er avgitt ein rein revisjonsmelding med positiv totalkonklusjon. Revisor har i revisjonsmeldinga, ikkje gjeve merknader til årsrekneskapet/årsberetninga. På grunnlag av kontrollutvalet sine kontrollaktiviteter retta mot økonomiforvaltninga, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsberetning for 2025 blir godkjent slik det føreligg.

Netto driftsresultat

Det netto driftsresultatet til kommunekassa 2025 vart positivt med kr 53 937 682,-. Kommunestyret behandla i møte 22.09.22 sak 105/22 om rullering av kommunen sine finansielle måltal.

Kommunestyret vedtok at frå 2023 skulle netto driftsresultat korrigert for netto bundne avsetningar vere 1,5 % av brutto driftsinntekter. I 2025 er korrigert netto driftsresultat på 2 % mot -2,5 % i 2024. Dette er over TBUs anbefaling for netto driftsresultat som er på 1,75 prosent.

Netto korrigert lånegjeld

Netto korrigert lånegjeld (korrigert for ubudne investeringsfond) i prosent av driftsinntekter utgjorde 101 % i 2025 mot 108,7 % i 2024. Også her er det i sak 105/22 vedteke eit måltal som frå 2023 er på 112 %. Kommunen ligg under dette måltalet i 2025, og det er ei betring frå 2024. Det er likevel godt over «trafikklysmodellen» til KS som viser til at ei gjeldsgrad over 85 % indikerer at kommunen har ein mindre grad av økonomisk handlefridom.

Kontrollutvalet ber kommunen vere merksam på at høye rentekostnader kan føre til reduksjon i tenestetilbodet, men syns det er positivt at gjeldsutviklinga har stagnert.

Disposisjonsfond

Det generelle disposisjonsfondet er på 523,2 millionar pr 31.12.25. Dette er ein økning på ca 49,8 millionar frå 2024. Disposisjonsfondet er på 19,1 % i 2025 mot 18,5 % i 2024. Vedteke måltal frå 2023 er på 20 %. Målalet er ikke nådd i 2025, men 19,1 % ligg godt over statlege tilrådingar.

Likviditetsgrad

Forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld er likviditetsgrada. Denne bør vere over 2 og viser evna kommunen har til å dekke dei kortsiktige pliktene sine. Likviditetsgrad 1 er på 3,1 % i 2025, og på 3,1 % i 2024. Denne er framleis tilfredsstillande, men det er nedgang frå 2023.

Som nøkkeltala viser, har den økonomiske handlefridommen vorte bedra frå 2024 til 2025 for netto driftsresultat og disposisjonsfond. Nøkkeltal for gjeld er også betre, men framleis på raudt nivå.

Vurdering av ikkje-økonomiske krav i årsmeldinga

Dei ikkje-økonomiske krava i kommunelova § 14-7c-f er omtalt i årsmeldinga på ein tilfredsstillande måte.

Kontrollutvalet er kjent med at kommunen er i gang med store omstillingsvedtak. Kontrollutvalet ber kommunen ha ei løpande vurdering om tiltak som er sette i verk har ønskt effekt.

Utover det som kjem fram av saksframlegget og revisjonsmeldinga frå revisor har kontrollutvalet elles ikkje merknader til Bjørnafjorden kommunes årsrekneskap for 2025.

Bjørnafjorden 27. mai 2026

Kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet

SAKSNR 22/26: EVALUERING VINTERDRIFT 2025/2026

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Kontrollutvalet tek orientering frå administrasjonen til orientering.

KONTROLLUTVALET SI BEHANDLING I MØTE 27.05.2026

Eystein Johannes Venneslan, kommunalsjef samferdsel, orienterte i saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet sine medlemmer. Han viste til store utfordringar første driftsår, men 2. driftsår var mykje betre, sjølv om det framleis var utfordringar. Kommunen hadde tettare oppfølging med møte med både leverandør og underleverandørane deira. Det var mykje mindre klager frå innbyggjarane i kommunen siste år, og kommunalsjefen informerte også om at kostnadene var innanfor budsjett pr april. Det var utfordringar framleis knytt til oppdaterte kart, og dette vart rekna som ei krevjande teknisk sak framleis. Kommunen hadde ikkje hatt ekstremver, og dersom det hadde skjedd ville eventuelle manglar ved tenesta vorte avdekte i tydelegare grad. Bjørnafjorden kommune hadde vedteke å forlengja avtalen med eitt år i første omgang. Dette vart gjort i januar 2026. Medlemmene i

kontrollutvalet stilte ein del spørsmål til gjennomgangen og desse vart tilfredstillande svart på i møtet.

Samrøystes godkjent.

INNSTILLINGA FRÅ SEKRETARIATET:

Kontrollutvalet tek orientering frå administrasjonen til orientering.

SAKSNR 23/26: UAVHENGIGHEITSERKLÆRING OPPDRAGSANSVARLEGE REVISORER

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Kontrollutvalet tek uavhengigheitserklæringa til revisor til orientering

KONTROLLUTVALET SI BEHANDLING I MØTE 27.05.2026

Unni-Renate Moe, statsautorisert revisor orienterte kort om uavhengigheitserklæringa og undervegs stilte kontrollutvalet sine medlemmer spørsmål. Spørsmåla fekk tilfredsstillande svar.

Samrøystes godkjend.

INNSTILLINGA FRÅ SEKRETARIATET:

Kontrollutvalet tek uavhengigheitserklæringa til revisor til orientering

SAKSNR 24/26 : OPPFØLGING AV VEDTAK- EIGARSKAPSKONTROLL I BJØRNAFJORDEN UTVIKLINGSSKAP AS

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

1. Kontrollutvalet viser til Bjørnafjorden kommune si tilbakemelding på oppfølging av saka og tek informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet viser til Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS si tilbakemelding på oppfølging av revisjonen sine tilrådingar og tek dette til orientering.
3. Kontrollutvalet godkjenner revidert prosjektplan med utvidelse av timeantallet inntil 40 timer.

KONTROLLUTVALET SI BEHANDLING I MØTE 27.05.2026

I forkant av møtet hadde kontrollutvalet sine medlemmer fått tilsendt svar på alle tilrådingar frå revisor, med unntak av punkt 4 om internkontroll. Sidan det er gjort vedtak om forvaltningsrevisjon av internkontroll i Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS, rekna ein ikkje denne tilrådinga som relevant no. Svar frå både Bjørnafjorden kommune og Bjørnafjorden Utviklingsselskap vart gjennomgått i møtet, og kontrollutvalet sine medlemmer var ikkje fornøgd med tilbakemelding på pkt 3, 5 og 7. Under pkt 3 var det ikkje teke imot skriftleg dokumentasjon som viste utarbeidde rutinar og retningslinjer for å følgja opp krav og forventningar til selskapet. Under pkt 5 var skriftlege retningslinjer for valnemnda for å sikra ein open og føreseieleg valprosess ikkje utarbeidd endå, men var planlagt ferdigstilte i 2026. Under pkt 7 var tilråding frå revisor følgjande; «Sørge for at det blir

gjort ei vurdering av avtalen om konsulenttenester med arbeidande styreleiar, for å sikre at denne er tilstrekkeleg tydeleg og at den er i samsvar med aktuelt regelverk», Kontrollutvalet ønskjer å få tilsendt kopi av denne avtalen. Medlemmene i kontrollutvalet var samde om at desse punkta skal følgjast opp i februar 2027.

Det er vedteke forvaltningsrevisjon av internkontroll i Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS, og i samband med dette hadde forvaltningsrevisor sendt over forslag til endring av prosjektplan til sekretariatet. Medlemmene i kontrollutvalet rekna det som naturleg å ta revidert prosjektplan inn under denne saka.

Ifølgje revisor har Bjørnafjorden utviklingsselskap AS ikkje brukt ressursar på å finne ut om dei er underlagde lov om offentlege anskaffingar og offentleglova, men at dei har valt å etterleve regelverket for å vera på den sikre sida.

I revidert prosjektplan vil revisor utføre stikkprøver for å sjekka om gjennomførte innkjøp er gjorde i samsvar med krava i regelverket (konkurranseeksponering, behovsvurdering, skriftleg avtale etc.), og vidare gjennomføre stikkprøver av kontraktsoppfølging (kontroll av leveranse, samsvar mellom avtale og faktura, dokumentasjon på endringar etc.). Dette vil medføre eit auka timeforbruk på inntil 40 timar. Kontrollutvalet sine medlemmer var samde om å godkjenne revidert prosjektplan.

Samrøystes godkjend.

SEKRETARIATETS INNSTILLING:

1. Kontrollutvalet viser til kommunedirektøren si tilbakemelding på oppfølging av saka og tek informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet viser til Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS si tilbakemelding på oppfølging av revisjonen sine tilrådingar og tek dette til orientering.

SAKSNR 25/26: INTERNKURS- ORGANISATORISK INTERNKONTROLL

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK :

Kontrollutvalet tek opplæring i organisatorisk internkontroll til orientering

KONTROLLUTVALET SI BEHANDLING I MØTE 27.05.2026

Unni-Renate Moe, statsautorisert revisor hadde eit internkurs i organisatorisk internkontroll, og undervegs i kurset stilte kontrollutvalet sine medlemmer spørsmål. Spørsmåla fekk tilfredsstillande svar. Kontrollutvalet sine medlemmer var svært fornøgd med kurset og vil tilrå neste kontrollutval å ta dette kurset tidleg i sin periode.

Samrøystes godkjent.

SEKRETARIATETS INNSTILLING:

Kontrollutvalet tek opplæring i organisatorisk internkontroll til orientering.

SAKSNR 26/26: ORIENTERINGS- OG REFERATSAKER

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Orienterings- og referatsakene vert tekne til orientering.

KONTROLLUTVALET SI BEHANDLING I MØTE 27.05.2026

OS 05/26: Ingen endringar i årsplan.

Ingen merknader til denne.

OS 06/26: Møteprotokollar frå andre politiske utval

Medlemmene i kontrollutvalet hadde gjennomgang av møteprotokollar i andre politiske utval. Det vart vist til møte i tenesteutvalet 21. april 2026 vedrøyrande sak 21/26 fordeling av kulturmidlar 2026. Kontrollutvalet ønskte informasjon om kva tildelingskriteringar som gjeld ved fordeling av desse midlane.

Samrøystes godkjend.

INNSTILLINGA FRÅ SEKRETARIATET:

Orienterings- og referatsakene vert tekne til orientering.

EVENTUELT

Det vart teke opp 2 saker under eventuelt, desse blei tildelt saksnummer 27/26 og 28/26

SAKSNR 27/26: STATUSRAPPORT FRÅ REVISOR- FORVALTNINGSREVISJON AV SJUKEFRÅVÆR I HELSE OG VELFERD

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Kontrollutvalet tek statusrapport frå revisor til orientering.

BEHANDLING I MØTE 27.05.2026

Sekretariatet hadde i forkant av møtet teke imot løypemelding frå revisor vedrørande mogleg forseinking av ferdigstilling av forvaltningsrevisjonsrapport. Dette kjem av at revisor ikkje har oppnådd ein tilfredsstillande svarprosent på spørjeundersøkinga så langt. Fristen var opphavleg sett til torsdag 21. mai, men svarprosenten er framleis berre 24 prosent. Revisor har sendt ut totalt fire purringar til dei som ikkje hadde svart på undersøkinga. På bakgrunn av den låge svarprosenten ser revisor seg nøgd til å utvide svarfristen for spørjeundersøkinga. Revisor vil med denne tilbakemeldinga gjere kontrollutvalet oppmerksom på at dette kan få konsekvensar for framdriftsplanen, og at det er ein risiko for at rapporten ikkje vil vere klar for presentasjon for kontrollutvalet 18. september, slik opphavleg planlagt. Revisor har no fått stadfesta frå kommunalsjef at leiarar blir oppmoda til å svare og dei vil oppmoda dei tilsette til å svare på spørjeundersøkinga. Revisor sendte ut ny e-post 26. mai med ny frist og håpar no på betra svarprosent.

Samrøystes godkjent.

SAKSNR 28/26: SAL AV KOMMUNETUNET I EIKELANDSOSEN

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saka blei tatt til orientering.

BEHANDLING I MØTE 27.05.2026

Kontrollutvalet sin leiar informerte om sal av kommunetunet på Eikelandsoesen der det var lagd ut til eit prisforslag på vel 15 millionar kroner. Det er no avtalt sal for ein langt lågare sum enn dette, og medlemmene i kontrollutvalet diskuterte i møtet om dei skulle be om ei orientering om salsprosessen. Medlemmene i kontrollutvalet vart samde om å ta saka opp til ny vurdering etter at salet er behandla i kommunestyret.

Samrøystes godkjent.

Bjørnafjorden 27.05.26
Richard Markhus (leiar)

Elektronisk kopi:
Ordføraren
Kommunedirektøren
Økonomisjefen
Deloitte AS